



Arbeidstilsynet

VÅR DATO
25.06.2015
DYKKAR DATO

VÅR REFERANSE
2015/27934 235897/2015
DYKKAR REFERANSE

1

VÅR SAKSHANDSAMAR
Per Kristian Fonn tlf 971 99 744

Radøy kommune
Radøyvegen 1690
5936 MANGER

Att. Tore Rikstad

Vedtak om samtykke på vilkår og gebyr Handsaming av søknad om samtykke etter arbeidsmiljølova § 18-9

Gnr 45 bnr 432 - Radøy - Idrettsvegen 2 - Manger - Radøy kommune, Eiendomsavd -

Vi viser til søknad av 20.05.2015 om samtykke etter arbeidsmiljølova § 18-9. Vi viser vidare til e-post av 23.06.2015 med ytterlegare informasjon.

Søknad gjeld utviding av lokala for heimetenesta i Radøy kommune. Saman med søknad har vi motteke teikningar og vedtak frå handsaming i arbeidsmiljøutvalet.

I vedlegg til e-post av 23.06.2012 er det opplyst at kontorarbeidsplassar berre skal nyttast til kortvarig arbeid, vanlegvis 10 – 20 min pr. vakt.

Samtykke på vilkår

Med heimel i arbeidsmiljølova § 18-9 gjev Arbeidstilsynet samtykke til planane på følgjande vilkår, jf. arbeidsmiljølova § 18-6 sjette ledd.

1. Arbeidstilsynet krev ventilasjon av arbeidslokale og personalrom. For å oppfylle funksjonskrav gitt i samsvar med arbeidsmiljølova § 4-4(1) vil det normalt vere nødvendig med balansert ventilasjon. Tilfredsstillande innklima må dokumenterast med skriftleg rapport frå innregulering av ventilasjonsanlegget, eventuelt frå utført funksjonskontroll. Rapporten må kunne leggjast fram for Arbeidstilsynet ved ev. kontroll, jf. Arbeidsmiljøloven § 4-4 første ledd, arbeidsplassforskriften §§ 2-14, 7-1. Sjå også Arbeidstilsynets veiledning om klima og luftkvalitet på arbeidsplassen.

Tiltakshavaren, eventuelt i samarbeid med arbeidsgjevarar/leigetakarar, er ansvarleg for å etterkomme vilkår i dette samtykket. Sjå arbeidsmiljøloven § 18-6 sjette ledd og § 1-3 tredje ledd, i forskrift om utforming og innretning av arbeidsplasser og arbeidslokaler som regulerer utleiers ansvar.

Vi beheld dokumenta her.



Innbetaling av gebyr

Etter forskrift til arbeidsmiljølova om gebyr for byggesaksbehandling (tingingsnr. 559), skal det betalast gebyr til Arbeidstilsynet for søknad etter arbeidsmiljølova § 18-9 første ledd. Gebyrsatsen avheng av tiltakstypen og storleiken på bygget. For nærmare informasjon om gebyrordninga, sjå www.arbeidstilsynet.no/gebyr.

Etter opplysningane i søknaden har vi plassert tiltaket i kategori 2 a) og sett gebyret til kr. 1875.

Tiltakshavar skal betale gebyret for saksbehandlinga. Faktura kjem i eiga sending. Dersom tiltakshavar ikkje betalar innan betalingsfristen, vil vi tvangsinndrive gebyret med tillegg av kostnader.

De kan klage

De kan klage på dette vedtaket, jf. forvaltningslova § 28. Fristen for å klage på er tre veker frå de får dette brevet. For nærmare informasjon om klageinstans, framgangsmåte ved klage og retten til å sjå dokumenta i saka, sjå www.arbeidstilsynet.no/klage

Direktoratet for arbeidstilsynet er klageinstans. Klagen skal sendast Arbeidstilsynet Vestlandet.

Behov for meir informasjon?

De finn meir informasjon om Arbeidstilsynet og krav til arbeidsmiljøet på www.arbeidstilsynet.no eller www.regelhjelp.no. De kan også kontakte oss på telefon 815 48 222.

Vi ber om at det blir vist til vår referanse 2015/27934 ved seinere kontakt eller korrespondanse i denne saka.

Med helsing
Arbeidstilsynet Vestlandet

Johs B Lægland
tilsynsleder
(sign.)

Per Kristian Fonn
konsulent
(sign.)

Dette brevet er godkjent elektronisk i Arbeidstilsynet og har derfor ingen signatur.

Kopi til:
Radøy kommune v/avd. for byggesak

Radøyvegen 1690 5936 MANGER